

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Synfaring på Sotra (19.02.)
Fylkesutvalsalen, fylkeshuset (20.02.)
Dato: 19. og 20.02.2014
Tidspunkt: 19.02. kl. 09.45-16.00
20.02. kl. 11.00-13.45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marte Malones (20.02.)	MEDL	A
Sveinung Valle	MEDL	A
Astrid F. Selsvold	MEDL	A
Nils-Olav Næss (20.02.)	MEDL	A
Terje Søviknes	MEDL	Frp
Silje Hjemdal	MEDL	Frp
Tom-Christer Nilsen	LEIARR	H
Mona Røsvik Strømme	MEDL	H
Inge Reidar Kallevåg (20.02.)	MEDL	H
Benthe Bondhus	MEDL	Sp
Aud Karin Oen	MEDL	SV
Mona Haugland Hellesnes	NESTL	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Birthe Eriksen	MEDL	H
Torill Selsvold Nyborg	MEDL	KrF
Sigbjørn Framnes	MEDL	Frp

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Rasmus L. Rasmussen (19.02.)	Marte Malones	A
Siri Klokkestuen (19.02.)	Nils-Olav Næss	A
Pål Kårbø (19. og 20.02.)	Torill Selsvold Nyborg	KrF
Stein Inge Ryssdal (20.02.)	Birthe Eriksen	H
Inger Ulvund (20.02.)	Sigbjørn Framnes	Frp

Merknader**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Stanley Hauge	Informasjonssjef
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 27/14	Godkjenning møteinnkalling		
PS 28/14	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 29/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 14/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr februar	2014/1527	
RS 15/14	Oversikt over tilsegn frå Regionalt utviklingsprogram pr 31.12.2013	2014/10180	
RS 16/14	Status forvaltningsrevisjon digital skule	2014/386	
RS 17/14	Status - kvalitetssikringsarbeid bybane til Åsane	2014/10099	
RS 18/14	Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk - Årsrapport frå Bergensområdet 2013	2014/10571	
RS 19/14	Valg av trasè E 39 Akسدal - Bergen	2014/10121	
RS 20/14	Oppretthald tilbudet til ekstrempremature barn	2014/11390	
RS 21/14	Forsikring av fredete bygninger og anlegg	2014/11340	
RS 22/14	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr februar 2014	2014/356	
RS 23/14	Kopi - M/S Vestgar - LEMA - vedtak om fredning med heimel i Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr 50 § 14a jmf Forvaltningslova kap IV	2014/11165	
PS 30/14	Delegerte saker		
DS 2/14	Strukturendring i administrasjonsseksjonen frå 1.1.2014	2014/11661	
PS 31/14	Klimaplan for Hordaland 2014 - 2030. Høyringsutkast	2014/11270	
PS 32/14	Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014	2014/10791	
PS 33/14	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettendring I - 2014	2014/598	
PS 34/14	Næringsretta midlar til regional utvikling, - Godkjenning av plan for bruk av kompensasjonsmidlane 2013 og oppstart av arbeid med forvaltningsregime for perioden 2014 - 2020	2014/985	
PS 35/14	Søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune - Hordaland - fråsegn	2014/10397	
PS 36/14	Eigarskapsmelding 2014 - forenkla melding	2014/10543	
PS 37/14	Skulebruksplanen 2012-2025 – Forsert oppstart av utbygging ved Rubbestadnes vidaregåande skule i Bømlo kommune	2014/10030	
PS 38/14	Kollektivmeldinga 2013	2014/10805	
PS 39/14	Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta - søknad om tilskot for 2014	2014/43	
PS 40/14	Fullmakt til Statens vegvesen til å overdra bruksrettar til vertikalnivå over bakken	2014/10706	
PS 41/14	Rv 555 - Kollektivtrafikk på vestre innfartsåre	2014/10861	
PS 42/14	Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017	2014/5	
PS 43/14	Årsmelding for klagenemnda - 2013	2014/1388	
PS 44/14	Fleire gode leveår for alle - Regional plan for folkehelse -	2014/681	

Vedtak av plan		
PS 45/14	Uttale til "Arnatunnelen. Mulighetsstudie. 10.april 2013"	2014/10546
PS 46/14	Søknad Auno minikraftverk i Kvinnherad kommune. Fråsegn.	2014/10795
PS 47/14	Budsjettendring 2014 - fylkesveginvesteringar	2014/989
PS 48/14	Høyring – Forslag om endringar i privatskulelova – Innføring av midlertidig dispensasjonsbestemmelse	2014/10160
PS 49/14	Finansforvaltninga i 2013	2014/927
PS 50/14	Nye Voss gymnas - romprogram	2014/1061
PS 51/14	Høyring - forslag til overordnet samfunnsoppdrag for kunnskaps- og kompetansesentre på helse-, omsorgs- og velferdsområdet	2014/364
PS 52/14	Pensjonsordning for folkevalde - grense for innmelding	2014/655
PS 53/14	Vestlandsrådet - Revisjon av politisk plattform, samarbeidsavtale og vedtekter	2014/10930
PS 54/14	Ymse	

PS 27/14 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 28/14 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Det var ingen merknader til møteboka frå fylkesutvalet 30.01.2014.

PS 29/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Referatsaker 14-23/14 vart tekne til orientering.

RS 14/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr februar

RS 15/14 Oversikt over tilsegn frå Regionalt utviklingsprogram pr 31.12.2013

RS 16/14 Status forvaltningsrevisjon digital skule

RS 17/14 Status - kvalitetssikringsarbeid bybane til Åsane

RS 18/14 Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk -

Årsrapport frå Bergensområdet 2013

RS 19/14 Valg av trasè E 39 Akrdal - Bergen

RS 20/14 Oppretthald tilbodet til ekstremprematurre barn

RS 21/14 Forsikring av fredete bygninger og anlegg

RS 22/14 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr februar 2014

RS 23/14 Kopi - M/S Vestgar - LEMA - vedtak om fredning med heimel i Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr 50 § 14a jmf Forvaltningslova kap IV

RS 24/14 Seafood Expo Global/Seafood Processing 5.-7. mai 2014

PS 30/14 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Delegert sak 2/14 vart referert.

DS 2/14 Strukturendring i administrasjonsseksjonen frå 1.1.2014

PS 31/14 Klimaplan for Hordaland 2014 - 2030. Høyringsutkast

Forslag til vedtak

1. Forslag til Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 vert sendt på høyring.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslag til Klimaplan for Hordaland 2014-2030 vert sendt på høyring.

PS 32/14 Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*».

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Mona Hellesnes sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Endring:
Siste setning, 1. avsnitt i punkt B side 6 i samsframlegget vert endra til:
Dei klimaretta tiltaka skal primært vere knytte til klimaplanen sitt handlingsprogram."

Røysting

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014".

Dei klimaretta tiltaka skal primært vere knytte til klimaplanen sitt handlingsprogram.

PS 33/14 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettendring I - 2014

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner slik fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar

	Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	655.020.00	02320	03219	Bergen maritime vgs. skule – oppgradering vent./varme m.m.	10.000.000,-	
10	648.020.00	02320	03230	Austevoll vgs. – inneklima	6.000.000,-	
10	690.020.00	02320	03213	Manger Folkehøgskule – inneklima	2.300.000,-	
10	641.020.00	02320	02130	Austrheim vgs. – Rehab. / ombygging - Forprosjekt	700.000,-	
10	628.020.00	02320	02131	Odda vgs. – Rehab. / ombygging – Forprosjekt	700.000,-	
10	665.020.00	02320	03235	Stord vgs – Elanlegg	800.000,-	
10	646.020.00	02320	02127	Stend vgs. – Ombygging for tilrettelagt opplæring	1.500.000,-	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab, enøk og inneklima		22.000.000,-
					22.000.000,-	22.000.000,-

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner slik fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

	Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	655.020.00	02320	03219	Bergen maritime vgs – Oppgradering vent./varme m.m.	10.000.000,-	
10	648.020.00	02320	03230	Austevoll vgs – Inneklima	6.000.000,-	

10	690.020.00	02320	03213	Manger folkehøgskule – Inneklima	2.300.000,-	
10	641.020.00	02320	02130	Austrheim vgs – Rehab./ ombygging - forprosjekt	700.000,-	
10	628.020.00	02320	02131	Odda vgs – rehab./ombygging – forprosjekt	700.000,-	
10	665.020.00	02320	03235	Stord vgs – Elanlegg	800.000,-	
10	646.020.00	02320	02127	Stend vgs. – Ombygging for tilrettelagt opplæring	1.500.000,-	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab, enøk og inneklima		22.000.000,-
					22.000.000,-	22.000.000,-

PS 34/14 Næringsretta midlar til regional utvikling, - Godkjenning av plan for bruk av kompensasjonsmidlane 2013 og oppstart av arbeid med forvaltingsregime for perioden 2014 - 2020

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkesutvalet godkjenner Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013 med unntak av prosjektet «Storeteigen – næringsarena». Midlane avsett til dette prosjektet blir overført til tiltaket «Tilrettelegging for infrastruktur i Kvam».
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen komme attende med eit forslag til forvaltning av kompensasjonsmidlane i perioden 2014 til 2020.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Astrid F. Selsvold gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i Hardanger og Voss museum. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013 med unntak av prosjektet "Storeteigen – næringsarena". Midlane avsett til dette prosjektet blir overført til tiltaket "Tilrettelegging for infrastruktur i Kvam".
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med eit forslag til forvaltning av kompensasjonsmidlane i perioden 2014 til 2020.

PS 35/14 Søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune - Hordaland - fråsegn

Forslag til innstilling

1. Arkeologisk registrering av areal knytt til Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla – Eidfjord må i medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 gjennomførast før Hordaland fylkeskommune kan gje fråsegn til planen. Undersøkningsplikta må vere oppfylt før ein kan gje konsesjon.
2. Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje bli påverka av inngrepa, spesielt i reirperioden frå ca. 15. mai til 1. juli.
3. Statkraft må unngå forstyrring av hekkande dobbeltbekkasin (NT (nær trua)).
4. Våtmarksområdet nordaust for vatnet er eit nøkkelområde for ender og vadarar og må takast vare på.
5. Friluftslivkvalitetar i området skal ikkje svekkjast nemneverdig.

Statkraft sine egne forslag til avbøtende tiltak er positive og nødvendige tiltak:

- Minstevassføring
- Støydempende tiltak
- Miljøtilpassa byggeløysning:
Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene.
- Revegetering:
Ein må leggje vekt på ein god vegetasjonsetablering med eit landskapsmessig godt resultat. Revegeteringa skal, så langt mogeleg, ta utgangspunkt i stadeigen vegetasjon med gjenbruk av avdekningsmassar. Tilsåing utførast med frøblandingar frå stadeigne artar, dersom det er mogeleg.
Fylkesutvalet er positive til Statkraft sine planar når punkta 1 – 6 er oppfylte.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt endringsforslag:

«Til pkt. 2 : Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje bli påverka av inngrepa. Ein må vere særskild merksam på at vasstanden er kritisk viktig i reirperioden frå ca. 15. mai til 1. juli.

Til pkt. 7 : Fylkesutvalet er positive til Statkraft sine planar under føresetnad av at punkta 1 – 6 er oppfylte.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt protokollmerknad:

« MDG er grunnleggande skeptisk til dei energiøkonomiske aspekta ved etablering av pumpekraftverk. MDG er likevel innstilt på å stemme for eit revidert framlegg for å kunne forbetre rammene for det omsøkte prosjektet *Søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune* .»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag til pkt. 2 vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 3, 4, 5, og 6 vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag til pkt. 7 vart vedteke med 11 røyster mot 2 røyster (Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

INNSTILLING

1. Arkeologisk registrering av areal knytt til Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla – Eidfjord må i medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 gjennomførast før Hordaland fylkeskommune kan gje fråsegn til planen. Undersøkningsplikta må vere oppfylt før ein kan gje konsesjon.
2. Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje bli påverka av inngrepa. Ein må vere særskild merksam på at vasstanden er kritisk viktig i reirperioden frå ca. 15. mai til 1. juli.
3. Statkraft må unngå forstyrring av hekkande dobbeltbekkasin (NT (nær trua)).
4. Våtmarksområdet nordaust for vatnet er eit nøkkelområde for ender og vadarar og må takast vare på.
5. Friluftslivkvalitetar i området skal ikkje svekkjast nemneverdig.
6. Statkraft sine egne forslag til avbøtende tiltak er positive og nødvendige tiltak:
 - Minstevassføring
 - Støydempende tiltak
 - Miljøtilpassa byggeløysning:
Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene.

- Revegetering:
Ein må leggje vekt på ein god vegetasjonsetablering med eit landskapsmessig godt resultat. Revegeteringa skal, så langt mogeleg, ta utgangspunkt i stadeigen vegetasjon med gjenbruk av avdekningsmassar. Tilsåing utførast med frøblandingar frå stadeigne artar, dersom det er mogeleg.

7 Fylkesutvalet er positive til Statkraft sine planar under føresetnad av at punkta 1 – 6 er oppfylte.

Protokollmerknad frå Tom Sverre Tomren (MDG):

MDG er grunnleggande skeptisk til dei energiøkonomiske aspekta ved etablering av pumpekraftverk. MDG er likevel innstilt på å stemme for eit revidert framlegg for å kunne forbetre rammene for det omsøkte prosjektet *Søknad om konsesjon for bygging av Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla - Eidfjord kommune*.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Arkeologisk registrering av areal knytt til Isdal pumpe og kraftverk i Isdøla – Eidfjord må i medhald av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 gjennomførast før Hordaland fylkeskommune kan gje fråsegn til planen. Undersøkningsplikta må vere oppfylt før ein kan gje konsesjon.
2. Av omsyn til hekkande storlom (VU (sårbar)) må vasstanden i vatnet ikkje verte påverka av inngrepa. Ein må vere særskild merksam på at vasstanden er kritisk viktig i reirperioden frå ca. 15 mai til 1. juli.
3. Statkraft må unngå forstyrring av hekkande dobbeltbekkasin (NT (nær trua)).
4. Våtmarksområdet nordaust for vatnet er eit nøkkelområde for ender og vadarar og må takast vare på.
5. Friluftslivkvalitetar i området skal ikkje svekkjast nemneverdig.
6. Statkraft sine eigne forslag til avbøtande tiltak er positive og nødvendige tiltak:
 - Minstevassføring
 - Støydempande tiltak
 - Miljøtilpassa byggeløysning:
Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene.
 - Revegetering:
Ein må leggje vekt på ein god vegetasjonsetablering med eit landskapsmessig godt resultat. Revegeteringa skal, så langt mogeleg, ta utgangspunkt i stadeigen vegetasjon med gjenbruk av avdekningsmassar. Tilsåing vert utført med frøblandingar frå stadeigne artar, dersom det er mogeleg.
7. Fylkesutvalet er positiv til Statkraft sine planar under føresetnad av at punkta 1-6 er oppfylte.

PS 36/14 Eigarskapsmelding 2014 - forenkla melding

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek meldinga om eigarskapsforvaltninga i Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek meldinga om eigarskapsforvaltinga i Hordaland fylkeskommune til orientering.

PS 37/14 Skulebruksplanen 2012-2025 – Forsert oppstart av utbygging ved Rubbestadnes vidaregåande skule i Bømlo kommune

Forslag til innstilling

1. Under føresetnad av at det vert semje om sal av Bømlo vidaregåande skule til Bømlo kommune vert utbygginga på Rubbestadneset prioritert fram i tid. Arbeidet med planlegging tek til hausten 2014. Målet er at ein ny skule skal stå klar hausten 2018.
2. Investeringsplanen for 2014-2017 vert styrka for å få rom for utbygginga på Rubbestadneset. Førebels tal syner at det er trong for om lag 220 mill kr til utbetring og nybygg på Rubbestadneset. Ved sal av Bømlo vidaregåande skule kjem salssummen til frådrag i investeringskostnaden.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Under føresetnad av at det vert semje om sal av Bømlo vidaregåande skule til Bømlo kommune vert utbygginga på Rubbestadneset prioritert fram i tid. Arbeidet med planlegging tek til hausten 2014. Målet er at ein ny skule skal stå klar hausten 2018.
2. Investeringsplanen for 2014-2017 vert styrka for å få rom for utbygginga på Rubbestadneset. Førebels tal syner at det er trong for om lag 220 mill kr til utbetring og nybygg på Rubbestadneset. Ved sal av Bømlo vidaregåande skule kjem salssummen til frådrag i investeringskostnaden.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Under føresetnad av at det vert semje om sal av Bømlo vidaregåande skule til Bømlo kommune, vert utbygginga på Rubbestadneset prioritert fram i tid. Arbeidet med planlegging tek til hausten 2014. Målet er at ein ny skule skal stå klar hausten 2018.
2. Investeringsplanen for 2014-2017 vert styrkt for å få rom for utbygginga på Rubbestadneset. Førebelse tal syner at det er trong for om lag 220 mill. kr til utbetring og nybygg på Rubbestadneset. Ved sal av Bømlo vidaregåande skule kjem salssummen til frådrag i investeringskostnaden.

PS 38/14 Kollektivmeldinga 2013

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek *Kollektivmeldinga 2013* til orientering.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, H, FRP fram forslag til endra innstilling.

Drosjenæringa utgjer ein del av kollektivtilbodet i Hordaland (skulekøyning, bestillingsruter osv), og ber om at dette blir omtala både til denne og i neste kollektivmelding.

Neste kollektivmelding bør og innehalde ein oversikt over gebyrdelen, samt bonus/malus.

Tom Skauge sette fram forslag til ny innstilling, protokolltilføring og oversendingsforslag.

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering *med desse tillegg*:
2. Fylkestinget viser til Bergen kommune sitt framlegg om miljødifferensierte bompengar. Fylkestinget ber om at Bergen kommune innfører miljødifferensiert sambruksfelt på 4-felts innfartsårer med opning for varetransport med Euro6 motor i ei forsøksordning på 2 år.
3. Fylkestinget tek kontakt med Samferdselsministeren med støtte til Statens Vegvesen Region Vest sitt framlegg om at «sambruksfelt som forsøksordning ikkje er i tråd med Politiets trafikksikkerhetsarbeid».
4. I tråd med Urbanett sin «Drøfting av tiltak for å redusere biltrafikken i Bergensområdet» tabell 1.4 ber Fylkestinget Bergen kommune om å redusere talet på offentlege P-plassar i sentrum av Bergen når bybana til Flesland står ferdig.

Protokolltilføring (Delegasjonsreglement s. 17):

SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for elbilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi

Oversendingsforslag til Samferdselssjef:

- SV ber om at det blir laga eit samla oversyn over kollektivfelt og sambruksfelt i Bergensområdet med tal meter for kvart felt.
- SV ber om eit oversyn over gjennomsnittsfart og forseinking for busstrafikken på grunn av bilkø.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag til nye pkt vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til innstilling pkt 1-3 fekk 3 røyster (SV, SP, KRF) og fall.

Tom Skauge sitt forslag til innstilling pkt 4 fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

1. Fylkestinget tek *Kollektivmeldinga 2013* til orientering.
2. Drosjenæringa utgjer ein del av kollektivtilbodet i Hordaland (skulekøyning, bestillingsruter osv), og ber om at dette blir omtala både til denne og i neste kollektivmelding.
3. Neste kollektivmelding bør og innehalde ein oversikt over gebyrdelen, samt bonus/malus.

Protokolltilføring frå Tom Skauge

SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for elbilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi

Oversendingsforslag frå Tom Skauge til Samferdselssjef:

- SV ber om at det blir laga eit samla oversyn over kollektivfelt og sambruksfelt i Bergensområdet med tal meter for kvart felt.
- SV ber om eit oversyn over gjennomsnittsfart og forseinking for busstrafikken på grunn av bilkø.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering med desse tilleggga:
2. Fylkestinget viser til Bergen kommune sitt framlegg om miljødifferensierte bompengar. Fylkestinget ber om at Bergen kommune innfører miljødifferensiert sambruksfelt på 4-felts innfartsårer med opning for varetransport med Euro6 motor i ei forsøksordning på 2 år.
3. Fylkestinget tek kontakt med samferdselsministeren med støtte til Statens Vegvesen Region Vest sitt framlegg om at sambruksfelt som forsøksordning ikkje er i tråd med Politiets trafiksikkerheitsarbeid.
4. I tråd med Urbanett si "Drøfting av tiltak for å redusere biltrafikken i Bergensområdet" tabell 1.4 ber fylkestinget Bergen kommune om å redusere talet på offentlege P-plassar i sentrum av Bergen når bybana til Flesland står ferdig."

Aud Karin Oen sette fram slik protokollmerknad:

"SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for el-bilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag punkt 1-3 fekk 3 røyster (SV, KrF, Sp) og fall.

Oen sitt forslag punkt 4 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering.
2. Drosjenæringa utgjer ein del av kollektivtilbodet i Hordaland (skulekøyring, bestillingsruter osv.), og ber om at dette vert omtalt både til denne og i neste kollektivmelding.
3. Neste kollektivmelding bør og innehalde ein oversikt over gebyrdelen, samt bonus/malus.

Protokollmerknad frå SV

SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for el-bilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi.

PS 39/14 Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta - søknad om tilskot for 2014

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert søkt om tilskot for 2014 frå Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta i følgjande prioriteringsrekkefølge:

Prosjekt/prosjektgruppe	Statleg tilskot
1. Pågåande KID-prosjekt.	3 020 000

2. Nye KID-prosjekt.	390 000
Sum	3 410 000

Prioriteringa innan prosjektgruppene skal vere lik den i sakframstillinga.

2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele det statlege tilskotet mellom prosjekta.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at sak om fylkeskommunal eigendel vert lagt fram når den statlege tildelinga er kjend.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av H, FRP, V fram forslag til endra prioritering innafor nye KID prosjekt.

I prioriteringa byter tiltaket «Lokalbåtrute i Austevoll» plass med «Skibuss Odda-Jondal». Teksten i pkt 1 i innstillinga vert tilpassa dette.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til omprioritering vart vedteke med 8 røyster (H, FRP, V).

Innstilling

2. Fylkesutvalet godkjenner at det vert søkt om tilskot for 2014 frå Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta i følgjande prioriteringsrekkefølge:

Prosjekt/prosjektgruppe	Statleg tilskot
3. Pågåande KID-prosjekt.	3 020 000
4. Nye KID-prosjekt.	390 000
Sum	3 410 000

Prioriteringa innan prosjektgruppene skal vere lik det vedtekne.

2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele det statlege tilskotet mellom prosjekta.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at sak om fylkeskommunal eigendel vert lagt fram når den statlege tildelinga er kjend.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Stein Inge Ryssdal gjorde merksam på at innstillinga frå møtet i samferdselsutvalet 12.02.2014 ikkje hadde med følgjande vedtekne forslag: I prioriteringa byter tiltaket "Lokalbåtrute i Austevoll" plass med "Skibuss Odda-Jondal". Fylkesutvalet tok omsyn til dette i røystinga.

Sveinung Valle sette fram slikt forslag:

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert søkt om tilskot for 2014 frå Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta i følgjande prioriteringsrekkefølge:

Prosjekt/prosjektgruppe	Statleg tilskot
1. Pågåande KID-prosjekt	3 020 000
2. Nye KID-prosjekt	390 000
Sum	3 410 000

Prioriteringa innan prosjektgruppene skal vere lik den i sakframstillinga.

2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele det statlege tilskotet mellom prosjekta.

3. Fylkesutvalet legg til grunn at sak om fylkeskommunal eigendel vert lagt fram når den statlege tildelinga er kjend.

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 11 røyster mot 4 røyster (A) for Valle sitt forslag.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert søkt om tilskot for 2014 frå Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta i følgjande prioriteringsrekkjefølgje:

Prosjekt/prosjektgruppe	Statleg tilskot
1. Pågåande KID-prosjekt	3 020 000
2. Nye KID-prosjekt	390 000
Sum	3 410 000

I prioriteringa byter tiltaket "Lokalbåtrute i Austevoll" plass med "Skibuss Odda-Jondal".

Prioriteringa innan prosjektgruppene skal elles vere lik den i sakframstillinga.

2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele det statlege tilskotet mellom prosjekta.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at sak om fylkeskommunal eigendel vert lagt fram når den statlege tildelinga er kjend.

PS 40/14 Fullmakt til Statens vegvesen til å overdra bruksrettar til vertikalnivå over bakken

Forslag til innstilling

Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune pkt. D delegasjon på vegsektoren pkt. 1.4 Kjøp og sal av eigedom skal lyda:

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføra kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å representera fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtalar om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Utvalet hadde spørsmål til saka som administrasjonen ikkje kunne svara på i møte. Utvalet tok difor saka til orientering i det dei la til grunn at spørsmåla vert avklara før møte i fylkesutvalet.

Innstilling

Samferdselsutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune pkt. D delegasjon på vegsektoren pkt. 1.4 Kjøp og sal av eigedom skal lyda:

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføra kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å representera fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtalar om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

PS 41/14 Rv 555 - Kollektivtrafikk på vestre innfartsåre

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Atle Kvåle sette fram forslag til nytt pkt.

Fylkesutvalet ber om at det i den vidare utgreiinga vert vurdert Sambruksfelt der ein slepp til næringskøyretøy over 7,5 t.

Alf Helge Greaker sette fram forslag til nytt pkt.

Samferdselsutvalet er nøgd med at fylkesrådmannen ser det som aktuelt at det startar opp eit prosjekt som avklarar kva som skal til for etablering av sambruksfelt på vestre innfartsåre. Samferdselsutvalet ser fram til at dette kjem i gong, og ber om å få halvårlege løypemeldingar på dette prosjektet.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

Atle Kvåle sitt forslag til nytt pkt vart vedteke mot 4 røyster (SV, FRP, V).

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Samferdselsutvalet er nøgd med at Fylkesrådmannen ser det som aktuelt at det startar opp eit prosjekt som avklarar kva som skal til for etablering av sambruksfelt på vestre innfartsåre. Samferdselsutvalet ser fram til at dette kjem i gong, og ber om å få halvårlege løypemeldingar på dette prosjektet.
3. Fylkesutvalet ber om at det i den vidare utgreiinga vert vurdert Sambruksfelt der ein slepp til næringskøyretøy over 7,5 t.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 3:

Fylkesutvalet ber om at det i den vidare utgreiinga vert vurdert innført miljødifferensiert sambruksfelt med opning for varetransport med Euro6 motor i ei forsøksordning på to år."

Aud Karin Oen sette fram slik protokollmerknad:

"SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtta overgangsordningar for el-bilar og miljøvenleg varetransport."

Røysting

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 3 vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at fylkesrådmannen ser det som aktuelt at det startar opp eit prosjekt som avklarar kva som skal til for etablering av sambruksfelt på vestre innfartsåre. Fylkesutvalet ser fram til at dette kjem i gong, og ber om å få halvårlege løypemeldingar på dette prosjektet.
3. Fylkesutvalet ber om at det i den vidare utgreiinga vert vurdert sambruksfelt der ein slepp til næringskøyretøy over 7,5 t.

Protokollmerknad frå SV

SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtta overgangsordningar for el-bilar og miljøvenleg varetransport.

PS 42/14 Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Tom Skauge sette fram forslag om tillegg til innstillinga.

Pkt 2. Tillegg under pkt 6.5.3

På særskildt ulukkesutsette vegar blir det sett opp elektroniske skilt der politi/vegstellet set ned fartsgrensa ved farlege værtilhøve.

Pkt 3. Ingen trafikklys skal gje grønt lys samstundes for bilar og fotgjengarar.

Pkt 4 Kap 6.5.4 Mjuke trafikantar har ein dramatisk mangel på forpliktande fysiske tiltak. Forslag om lågare fart, betre lys, fleire lyskryss, planfrie overgongar m.v. må inn.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag om tillegg til innstillinga fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

Fylkestinget vedtek Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Silje Hjemdal sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Fylkesutvalget ber om en oppdatert liste på tiltak som er gjennomført på fylkesveiene av Statens vegvesen til fylkestinget i mars 2014. Dette grunnet at det har blitt oppdaget avvik fra informasjonen som er gitt og hvilke tiltak som faktisk er gjennomført."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Punkt 2. Tillegg under punkt 6.5.3:

På særskilt ulukkesutsette vegar blir det sett opp elektroniske skilt der politi/vegstellet set ned fartsgrensa ved farlege vertilhøve.

Punkt 3:

Ingen trafikklys skal gje grønt lys samstundes for bilar og fotgjengarar.

Punkt 4 kap. 6.5.4:

Mjuke trafikantar har ein dramatisk mangel på forpliktande fysiske tiltak. Forslag om lågare fart, betre lys, fleire lyskryss, planfrie overgangar m.v. må inn."

Røysting

Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Vedtak

Fylkesutvalget ber om en oppdatert liste på tiltak som er gjennomført på fylkesveiene av Statens vegvesen til fylkestinget i mars 2014. Dette grunnet at det har blitt oppdaget avvik fra informasjonen som er gitt og hvilke tiltak som faktisk er gjennomført.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

PS 43/14 Årsmelding for klagenemnda - 2013

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2013 til orientering.

Saksprotokoll i Klagenemnda - 04.02.2014

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2013 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2013 til orientering.

PS 44/14 Fleire gode leveår for alle - Regional plan for folkehelse - Vedtak av plan

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014

Anita G. Johannessen (Frp) sette fram slikt forslag til nytt pkt.2 på vegne av H, V og Frp:

2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pk.t 1 vart samrøystes vedteke.

Johannessen sitt forslag til nytt pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.
2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Tom Skauge sette fram fylgjande tilleggsforslag.

2. Ny 2E: Leggje til rette for trygge skuleveggar.
3. Ny 4D: Leggje til rette for fleire tilrettelagte arbeidsplassar.
4. Ny 5E: HFK har som prinsipp at vidaregåande skular skal stille lokale gratis til bruk for frivillig sektor.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nye pkt fekk slik tilslutnad:

Pkt 2 fekk 7 røyster (A, Sp, SV, KRF) og fall

Pkt 3 fekk 5 røyster (A, SV) og fall

Pkt 4 fekk 6 røyster (A, SV, SP) og fall

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Tillegg

3. Leggje til rette for trygge skulevegar.

4. Leggje til rette for fleire tilrettelagte arbeidsplassar.

5. HFK har som prinsipp at vidaregåande skular skal stille lokale gratis til bruk for frivillig sektor."

Mona Hellesnes sette på vegner av V og KrF fram slikt forslag:

"Tillegg:

For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelse bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå opplærings- og helseutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag fekk 6 røyster (SV, A, Sp) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.
2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelse bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.

PS 45/14 Uttale til "Arnatunnelen. Mulighetsstudie. 10.april 2013"

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkesutvalet meiner, ut frå framkome, miljø og beredskapsomsyn, at ein tunell mellom Arna – Fjøsanger og Fyllingsdalen kan bli eit viktig element i eit ringvegssystem rundt Bergen sentrum, som kan avlasta Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk både frå aksene nord/sør og frå aksene aust/vest.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at Statens vegvesen no vil starta opp eit forprosjekt/mulighetsstudie for ein ringveg aust/Arnatunnel.
3. Fylkesutvalet ber om at det må utgreiast om to av køyrefelta på ein framtidig ringveg aust kan regulerast til kollektivfelt - eventuelt til sambruksfelt.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, H, FRP fram forslag til nytt pkt.

Nytt pkt 1:

Fylkesutvalet meiner at ein tunnell mellom Arna med påkobling på eksisterande E39 på strekninga Fjøsanger - Hop, og med eventuell påkobling Ringvei Vest, kan bli eit viktig element i eit ringvegssystem rundt Bergen sentrum. Dette kan avlasta Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk både frå aksene nord/sør og frå aksene aust/vest.

Tom Skauge sette fram forslag til ny innstilling.

1. Ringveg Øst er eit viktig vegtiltak i Bergen.
2. Ringveg Øst bør ha to felt og gå via Nesttun

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 fekk 6 røyster (A, SP, KRF) og fall.

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt pkt 1 vart vedteke med med 8 røyster (V, H, FRP).

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt 1 og 2 fekk 1 røyst og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (SV).
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 3 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet meiner at ein tunnell mellom Arna med påkobling på eksisterande E39 på strekninga Fjøsanger - Hop, og med eventuell påkobling Ringvei Vest, kan bli eit viktig element i eit ringvegssystem rundt Bergen sentrum. Dette kan avlasta Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk både frå aksene nord/sør og frå aksene aust/vest.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at Statens vegvesen no vil starta opp eit forprosjekt/muligheitsstudie for ein ringveg aust/Arnatunnel.
3. Fylkesutvalet ber om at det må utgreiast om to av køyrefelta på ein framtidig ringveg aust kan regulerast til kollektivfelt - eventuelt til sambruksfelt.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 1 og 2:

1. Ringveg Øst er eit viktig vegtiltak i Bergen.
2. Ringveg Øst bør ha to felt og gå via Nesttun."

Røysting

Innstillinga punkt 1 og 2 vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.
Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at ein tunnell mellom Arna med påkopling på eksisterande E39 på strekninga Fjøsanger-Hop, og med eventuell påkopling Ringvei Vest, kan bli eit viktig element i eit ringvegssystem rundt Bergen sentrum. Dette kan avlasta Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk både frå aksene nord/sør og frå aksene aust/vest.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at Statens vegvesen no vil starta opp eit forprosjekt/muligheitsstudie for ein ringveg aust/Arnatunnel.
3. Fylkesutvalet ber om at det må utgreiast om to av køyrefelta på ein framtidig ringveg aust kan regulerast til kollektivfelt – eventuelt til sambruksfelt.

PS 46/14 Søknad Auno minikraftverk i Kvinnherad kommune. Fråsegn.

Forslag til innstilling

1. Av omsyn til sjøaure vil Hordaland fylkeskommune frarå bygging av Auno kraftverk.
2. Vassdraget i Omvikdalen har god gytebestand av sjøaure og mange utbygde kraftverk. Det er viktig av NVE vurderer samla belastning på vassdraget.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

1. Av omsyn til sjøaure vil Hordaland fylkeskommune frarå bygging av Auno kraftverk.
2. Vassdraget i Omvikdalen har god gytebestand av sjøaure og mange utbygde kraftverk. Det er viktig av NVE vurderer samla belastning på vassdraget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Av omsyn til sjøaure vil Hordaland fylkeskommune frarå bygging av Auno kraftverk.
2. Vassdraget i Omvikdalen har god gytebestand av sjøaure og mange utbygde kraftverk. Det er viktig av NVE vurderer samla belastning på vassdraget.

PS 47/14 Budsjettendring 2014 - fylkesveginvesteringar

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at ordninga med forskottering frå Askøy kommune til prosjekt i Askøypakken vert avslutta frå og med 2014 og opphevar tidlegare forskotteringsvedtak.
2. Fylkestinget godkjenner at forskottering frå Askøy kommune til og med 2013 til prosjekt i Askøypakken på til saman 17,5 mill. kr vert tilbakebetalt til kommunen i 2014.
3. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10.300 420 00	02301	07602	Fylkesvegar	52 000 000	
10.300 420 00	06201	07602	Bompengar (Askøypakken)		94 500 000
10.300 420 00	08100	07602	Rassikringsmidlar - statstilskot		24 000 000
10.300 420 00	08500	07602	Forskottering	85 000 000	
10.300 420 00	04500	07602	Tilbakebetaling forskottering	17 500 000	
10.300 420 00	08900	07602	Tilskot (rundkøyring Askøy)		25 000 000
10.790 110 00	07290	09977	Momskomp		11 000 000
				154 500 000	154 500 000

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Det vart stilt spørsmål om habiliteten til fylgjande representantar:

Atle Kvåle, Alf Helge Greaker og Inger Ulvund, som alle er styremedlemer i Askøy Bompengeselskap AS

Utvalet fann at representantane var ugilde.

Tom Skauge sette fram fylgjande forslag.

Samferdselsutvalet viser til svar i sak RS3 om lysregulering på Nautnes bru og til Regional transportplan Hordaland 2013–2024 med vedtak s. 75: «Nautnes bru i Øygarden vert lysregulert».

Samferdselsutvalet ber om at tiltaket vert lagt inn som budsjettendring i saka.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Tom Skauge sitt forslag fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

- Fylkestinget godkjenner at ordninga med forskottering frå Askøy kommune til prosjekt i Askøypakken vert avslutta frå og med 2014 og opphevar tidlegare forskotteringsvedtak.
- Fylkestinget godkjenner at forskottering frå Askøy kommune til og med 2013 til prosjekt i Askøypakken på til saman 17,5 mill. kr vert tilbakebetalt til kommunen i 2014.
 - Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10.300 420 00	02301	07602	Fylkesvegar	52 000 000	
10.300 420 00	06201	07602	Bompengar (Askøypakken)		94 500 000
10.300 420 00	08100	07602	Rassikringsmidlar - statstilskot		24 000 000
10.300 420 00	08500	07602	Forskottering	85 000 000	
10.300 420 00	04500	07602	Tilbakebetaling forskottering	17 500 000	
10.300 420 00	08900	07602	Tilskot (rundkøyning Askøy)		25 000 000
10.790 110 00	07290	09977	Momskomp		11 000 000
				154 500 000	154 500 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Inger Ulvund stilte spørsmål ho var ugild fordi ho er styremedlem i Askøy Bompengeselskap AS, sjølv om selskapet enno ikkje har avtale. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Inger Ulvund var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e. Ulvund gjekk frå under røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A, V, Sp, KrF, H, Frp og V fram slikt forslag:

"Tillegg:

Fylkesutvalet ber om at vedtak i Regional transportplan 2013-2014 om lysregulering av Nautnes bru vert gjennomført, og at ein går i dialog med Øygarden kommune om løysingar."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.
Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

- Fylkestinget godkjenner at ordninga med forskottering frå Askøy kommune til prosjekt i Askøypakken vert avslutta frå og med 2014 og opphevar tidlegare forskotteringsvedtak.
- Fylkestinget godkjenner at forskottering frå Askøy kommune til og med 2013 til prosjekt i Askøypakken på til saman 17,5 mill. kr vert tilbakebetalt til kommunen i 2014.
- Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10.300 420 00	02301	07602	Fylkesvegar	52 000 000	
10.300 420 00	06201	07602	Bompengar (Askøypakken)		94 500 000

10.300 420 00	08100	07602	Rassikringsmidlar - statstilskot		24 000 000
10.300 420 00	08500	07602	Forskottering	85 000 000	
10.300 420 00	04500	07602	Tilbakebetaling forskottering	17 500 000	
10.300 420 00	08900	07602	Tilskot (rundkøyring Askøy)		25 000 000
10.790 110 00	07290	09977	Momskomp.		11 000 000
				154 500 000	154 500 000

4. Fylkestinget ber om at vedtak i Regional transportplan 2013-2014 om lysregulering av Nautnes bru vert gjennomført, og at ein går i dialog med Øygarden kommune om løysingar.

PS 48/14 Høyring – Forslag om endringar i privatskulelova – Innføring av midlertidig dispensasjonsbestemmelse

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet har ingen merknader til forslaget om å innføre ein midlertidig dispensasjonsregel i privatskulelova.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014.

Rasmus S. Rasmussen sette fram følgjande forslag på vegner av AP/SP/KRF:

- «1. Fylkesutvalget mener dagens privatskulelov ivaretar samfunnets behov for bredde i opplæringstilbudet.
2. Fylkesutvalget støtter ikke forslaget om å innføre en midlertidig dispensasjonsregel i privatskuleloven».

Dan Femoen sette fram følgjande forslag på vegner av H/FRP/V:

- «Fylkesutvalget er positive til forslaget om å innføre en midlertidig dispensasjonsregel i privatskulelova».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.
Rasmussen sitt forslag fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.
Femoen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (H/FRP/V).

Innstilling

1. Fylkesutvalet er positive til forslaget om å innføre ein midlertidig dispensasjonsregel i privatskulelova.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Sveinung Valle sette fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalget mener dagens privatskulelov ivaretar samfunnets behov for bredde i opplæringstilbudet.
2. Fylkesutvalget støtter ikke forslaget om å innføre en midlertidig dispensasjonsregel i privatskuleloven."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 8 røyster mot 7 røyster (A, SV, Sp, KrF) for Valle sitt forslag.

Vedtak

Fylkesutvalet er positiv til forslaget om å innføre ein mellombels dispensasjonsregel i privatskulelova.

PS 49/14 Finansforvaltninga i 2013

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2013 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2013 til orientering.

PS 50/14 Nye Voss gymnas - romprogram

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet, dagsett 09.01.14, vert lagt til grunn for vidare planlegging av Nye Voss gymnas på Skulehaugen

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Bjørnar Hamre sette fram følgjande oversendingsforslag:

«I BA-sak frå 10.02.14 om Søreide skole blir det oppgitt at normen for skolehelsetenesta sine kontor er 30 kvm. Ifølge plantegningene på Nye Voss Gymnas har helsesøstertenesta kontor på 12 kvm. Ber om at fylkesutvalet blir informert om Nye Voss Gymnas er innanfor normen».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Hamre sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.

Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet, dagsett 09.01.14, vert lagt til grunn for vidare planlegging av Nye Voss gymnas på Skulehaugen

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet, dagsett 09.01.2014, vert lagt til grunn for vidare planlegging av Nye Voss gymnas på Skulehaugen.

PS 51/14 Høyring - forslag til overordnet samfunnsoppdrag for kunnskaps- og kompetansesentre på helse-, omsorgs- og velferdsområdet

Forslag til innstilling

1.	Fylkesutvalet meiner det er positivt med ei standardisering og klårgjering av samfunnsoppdrag og rolle til kompetansesentra. Det er behov for å byggje bru mellom forskning og praksis, og behov for miljø som kan formidle kunnskap mellom forskning og praksis, og som kan leggje til rette for samordning, tverrsektorielt samarbeid og nettverksbygging.
2.	Fylkesrådmannen er kritisk til det store omfanget av kompetansesentra innan områda til Helsedepartementet og Barne-, inkluderings- og likestillingdepartementet. Strukturen av kompetansesentra står fram som dels fragmentert og dels er funksjonane overlappande, og er og dels overlappande med fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag. Dette vanskeleggjer samarbeid med kommunar og andre aktørar. Det bør vurderast å slå saman kompetansesentra, og å knyte dei nærare til sentrale helsestyresmakter som Statens Institutt for folkehelse.
3.	Fylkesutvalet meiner det kan vere naturleg å regionalisere fleire kompetansesentra slik at det kan vere større nærleik til brukarmiljø. Dette bør utgreiast vidare.
4.	Fylkesutvalet stiller spørsmål ved at kompetansesentra sjølve skal bidra til forskning og grunnutdanning, og meiner at oppgåvene bør bli reindyrka til kunnskapsformidling, nettverksbygging og tverrsektorielt samarbeid.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner det er positivt med ei standardisering og klårgjering av samfunnsoppdrag og rolle til kompetansesenter. Det er behov for å byggje bru mellom forskning og praksis, og behov for miljø som kan formidle kunnskap mellom forskning og praksis, og som kan leggje til rette for samordning, tverrsektorielt samarbeid og nettverksbygging.
2. Fylkesrådmannen er kritisk til det store omfanget av kompetansesenter innan områda til Helsedepartementet og Barne-, inkluderings- og likestillingdepartementet. Strukturen av kompetansesenter står fram som dels fragmentert og dels er funksjonane overlappande, og er og dels overlappande med fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag. Dette vanskeleggjer samarbeid med kommunar og andre aktørar. Det bør vurderast å slå saman kompetansesenter, og å knyte dei nærare til sentrale helsestyresmakter som Statens institutt for folkehelse.
3. Fylkesutvalet meiner det kan vere naturleg å regionalisere fleire kompetansesenter slik at det kan vere større nærleik til brukarmiljø. Dette bør utgreiast vidare.
4. Fylkesutvalet stiller spørsmål ved at kompetansesenter sjølve skal bidra til forskning og grunnutdanning, og meiner at oppgåvene bør bli reindyrka til kunnskapsformidling, nettverksbygging og tverrsektorielt samarbeid.

PS 52/14 Pensjonsordning for folkevalde - grense for innmelding

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at grensa for innmelding i pensjonsordninga for folkevalde vert fastsett til 3,5% av grunnlaget for godtgjersle som er fastsett i reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune.
2. Fylkestinget godkjenner at AFP-ordninga 62-64 vert gjeldande for pensjonsordninga for folkevalde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner at grensa for innmelding i pensjonsordninga for folkevalde vert fastsett til 3,5 % av grunnlaget for godtgjersle som er fastsett i reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune.
2. Fylkestinget godkjenner at AFP-ordninga 62-64 vert gjeldande for pensjonsordninga for folkevalde.

PS 53/14 Vestlandsrådet - Revisjon av politisk plattform, samarbeidsavtale og vedtekter

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegget til revidert politisk plattform for Vestlandsrådet, samarbeidsavtalen mellom dei fire fylkeskommunane og vedtektene for rådet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegget til revidert politisk plattform for Vestlandsrådet, samarbeidsavtalen mellom dei fire fylkeskommunane og vedtektene for rådet.

PS 54/14 Gjennomgang og vidareføring av samarbeidsavtaler med regionale næringsretta utviklingsaktørar

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet går inn for at støtte til næringsretta utviklingsaktørar over fylkeskommunen sin budsjettpost «Prosjekt og institusjonar med driftstilskott» skal bli gitt til:
 - Fjord Norge med totalt kr 4 040 000 for 2014.
 - Samarbeidsavtalar med destinasjonar i Hordaland med kr 765 000 for 2014.
 - Fellesoppgåver på tvers av regionane i Hordaland med kr 730 000 for 2014.
 - Samarbeid med regionale tiltakskontor med kr 1 025 000 for 2014.
 - Fiskeriforum Vest med kr 310 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Bergen Vitensenter med kr 3 550 000 for 2014.
 - HOG Energi med kr 890 000 for 2014.
 - Business Region Bergen med kr 2 400 000 i driftsstøtte og kr 1 780 000 i prosjektstøtte for 2014. Av prosjektstøtta er kr 200 000 øyremerkte Knowledge HUB Bergen.
2. I tillegg til tidlegare vedtak i einskildsaker, går fylkesutvalet inn for at støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNNH budsjettet) skal bli gitt som følgjer:
 - Atheno med kr 1 300 000 pr år for åra 2014 og 2015.
 - Industriutvikling Vest med kr 700 000 pr år for åra 2014 og 2015.
 - Nyskapingsparken med kr 900 000 pr år for åra 2014 til 2016.
 - MediArena med kr 200 000 for 2014.
 - Nordhordland næringshage med inntil kr 300 000 for 2014.
 - Gulen og Masfjorden Næringshage med inntil kr 150 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Voss næringshage med inntil kr 300 000 pr år for 2014 og 2015.

- Ungt Entreprenørskap med kr 400 000 pr år for 2014 til 2016.
 - Design Region Bergen med kr 500 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Maritimt forum for Bergensregionen med kr 500 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Fiskeriforum Vest med kr 190 000 pr år for 2014 og 2015.
- I tillegg blir det sett av ei ramme på kr 800 000 til mogleg støtte til Connect Vest og kr 150 000 til ein eventuell ny næringshage i 2014.

3. Fylkesutvalet vedtar avvikle ordninga med driftstilskott over budsjettposten Prosjekt og institusjonar med driftstilskott til desse organisasjonane: Regionsenteret for husflidsnæringa og Husflidskonsulenten.
Vidare blir ordninga med driftstilskott over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland til Bergen Internasjonale Film Festival (BIFF) og Nordiske mediedagar avvikla.
4. For all fylkeskommunal støtte nemnt under punkt 1 og 2 over gjeld at beløpet kan bli justert som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følgje av endra nasjonale rammer for og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.
5. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannen sine framlegg i denne saka til vidare handsaming av eventuell støtte utover dei åra angitt i dette vedtaket for den ein skilde organisasjon i punkt 1 og 2 over.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Business Region Bergen (BRB). Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Neshe Lie møtte for Nilsen i saka.

Fylkesvararordførar Mona Hellesnes leidde møtet.

Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Business Region Bergen (BRB). Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Neshe Lie møtte for Nilsen i saka.

Fylkesvararordførar Mona Hellesnes leidde møtet.

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

" Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:
Nordiske Mediedager tildeles kr 260 000 for 2014.

(Omfordes fra ledige midler til mulig støtte til Connect Vest.)"

Benthe Bondhus sette på vegner av Sp, SV, A og KrF fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune vil i 2014 vidareføra den økonomiske støtta til
1. Regionsenteret for husflidnæringa, kr. 200 000.
2. Husflidkonsulenten, kr. 200 000.

Finansiering over ramma til (mogleg) støtte til Connect Vest."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Ber om at HOG Energi og BRB Bergen vert tekne ut.

1. HOG
2. BRB"

Røysting

Oen sitt forslag punkt 1 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Oen sitt forslag punkt 2 fekk 6 røyster (SV, Sp, A) og fall.

Bondhus sitt forslag fekk 7 røyster (Sp, A, SV, KrF) og fall.
Strømme sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Sp, KrF).
Fylkesrådmannen sitt forslag med endringa frå Strømme vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet går inn for at støtte til næringsretta utviklingsaktørar over fylkeskommunen sin budsjettpost "Prosjekt og institusjonar med driftstilskott" skal bli gitt til:
 - Fjord Norge med totalt kr 4 040 000 for 2014.
 - Samarbeidsavtalar med destinasjonar i Hordaland med kr 765 000 for 2014.
 - Fellesoppgåver på tvers av regionane i Hordaland med kr 730 000 for 2014.
 - Samarbeid med regionale tiltakskontor med kr 1 025 000 for 2014.
 - Fiskeriforum Vest med kr 310 000 pr år for 2014 og 2015.
 - Bergen Vitensenter med kr 3 550 000 for 2014.
 - HOG Energi med kr 890 000 for 2014.
 - Business Region Bergen med kr 2 400 000 i driftsstøtte og kr 1 780 000 i prosjektstøtte for 2014. Av prosjektstøtta er kr 200 000 øyremerkt Knowledge HUB Bergen.
2. I tillegg til tidlegare vedtak i einskildsaker, går fylkesutvalet inn for at støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN-budsjettet) skal bli gitt som følgjer:
 - Atheno med kr 1 300 000 pr år for åra 2014 og 2015.
 - Industriutvikling Vest med kr 700 000 pr. år for åra 2014 og 2015.
 - Nyskapingsparken med kr 900 000 pr. år for åra 2014 til 2016.
 - MediArena med kr 200 000 for 2014.
 - Nordhordland næringshage med inntil kr 300 000 for 2014.
 - Gulen og Masfjorden Næringshage med inntil kr 150 000 pr. år for 2014 og 2015.
 - Voss næringshage med inntil kr 300 000 pr. år for 2014 og 2015.
 - Ungt Entreprenørskap med kr 400 000 pr. år for 2014 til 2016.
 - Design Region Bergen med kr 500 000 pr. år for 2014 og 2015.
 - Maritimt forum for Bergensregionen med kr 500 000 pr. år for 2014 og 2015.
 - Fiskeriforum Vest med kr 190 000 pr. år for 2014 og 2015.
 - Nordiske Mediedagar med kr 260 000 for 2014.

I tillegg blir det sett av ei ramme på kr 540 000 til mogleg støtte til Connect Vest og kr 150 000 til ein eventuell ny næringshage i 2014.

3. Fylkesutvalet vedtar å avvikle ordninga med driftstilskott over budsjettposten Prosjekt og institusjonar med driftstilskott til desse organisasjonane: Regionsenteret for husflidsnæringa og Husflidskonsulenten.

Vidare blir ordninga med driftstilskott over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland til Bergen Internasjonale Film Festival (BIFF) og Nordiske mediedagar avvikla.

4. For all fylkeskommunal støtte nemnt under punkt 1 og 2 over gjeld at beløpet kan bli justert som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følgje av endra nasjonale rammer for og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.
5. Fylkesutvalet støtter fylkesrådmannen sine framlegg i denne saka til vidare handsaming av eventuell støtte utover dei åra angitt i dette vedtaket for den einskilde organisasjon i punkt 1 og 2 over.

PS 55/14 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

FYLKESUTVALET 19.02.2014

Fylkesrådmannen orienterte fylkesutvalet om politiaksjonen 17. februar 2014 mot elevar i vidaregåande skular som del i ei større narkotikasak.

Synfaring på Sotra

19. februar 2014 var Hordaland fylkesutval på synfaring på Sotra. Fylkesutvalet møtte mellom anna desse:

Beate Mæsel frå Statens Vegvesen orienterte om aktuelle samferdselsutfordringar.

CCB:

Adm. dir. Knut R. Andreassen orienterte. Omvising ved kommunikasjonsrådgjevar Irene Lillehammer.

Sotra vidaregåande skule:

Omvising og orientering v/ rektor Per Morken og assisterande rektor Erik Strøm.

Møte med kommunane i Sund, Fjell og Øygarden:

Frå kommunane deltok ordførar Eli Årdal Berland, Fjell kommune, ordførar Otto Harkestad, Øygarden kommune og fung. ordførar Nils Kåre Skoge, Sund kommune.

FYLKESUTVALET 20.02.2014

Utdelt i møtet:

- Ny versjon av Kollektivmeldinga 2013.
- Vedlegg til sak 54/14.

I samband med sak 34/14 "Næringsretta midlar til regional utvikling (...)" bad fylkesutvalet om ytterlegare presisering av formålet.

Innsende spørsmål

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Praktisering av formannskapsmodellen

Pressa presenterte nyleg dei gode tala for auka kollektivtrafikk i Bergen. I samferdselsutvalet sitt førre møte spurde Venstre sin representant om kvifor ikkje sakspapira var kjend for dei folkevalde når pressa var kjend med tala.

Spørsmål til fylkesordføraren.

1. Er det rett at dei gode tala frå Skyss vart leverte til nokre politikarar og pressa før alle folkevalde fekk tilgang til administrasjonen sitt saksframlegg?
2. Meiner fylkesordføraren at det er i tråd med formannskapsmodellen at utvalde politikarar og/eller presse får tilgang til saksutgreiing før alle folkevalde er varsla?"

Fylkesordføraren svarte at det var sendt ut pressemelding, som var også publisert på hordaland.no. Pressemeldinga vart samstundes rutinemessig sendt til utvalsleiarane. Gruppeleiarane er no også inkludert i e-postlista. Som ei prøveordning vil alle folkevalde heretter få kopi av relevante pressemeldingar.

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"I strid med SVs budsjettalternativ la fylkesrådmannen opp til ein kraftig takstauke for kollektivtransporten - særlig for einskildbiletar. Blant dei som vert hardest råka er ungdom i distrikta som ikkje reiser dagleg, samt studentar som reiser heim i helgene. Også eldre som

ikkje klarar å bruka billettmaskinane eller manglar billettautomat på eige stopp får no ein kraftig utgiftsauke.

Spørsmål til fylkesordføraren:

1. Vil det verte teke initiativ til at studentrabatten på enkeltreiser over 7 soner eller meir blir gjeninnført og til å stoppe prisauken på enkeltbilletter til automattilbodet er betre bygt ut.
2. Vil ein leggje til grunn same teori om prisbasert åtferdsterapi for forureinande biltrafikk gjennom bompengeringen som ein legg til grunn for kollektivtrafikken?"

Mona Hellesnes hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Takstregulativ for Skyss og studentrabatt på enkeltbilletter

I samband med at budsjettet for 2014 vart vedtatt i fylkestinget i desember 2013, vart og endringar i Skyss sitt takstregulativ vedtatt. I desse endringane vart studentrabatten for enkeltbilletter, som gjeld 7 takstsoner eller meir, fjerna.

1. Kan fylkesordførar sørge for at endringa som nemnd over vert handsama på nytt politisk?
2. Kan fylkesordførar sørge for at vesentlege endringar i taksregulativet for Skyss vert handsama som einskildsak i førekant av budsjettet?"

Fylkesordføraren svarte samla på spørsmåla om studentrabatt frå Oen og Hellesnes. Han tok utgangspunkt i Hellesnes sine spørsmål:

- Til spørsmål 1 stadfesta fylkesordføraren at endringar i takstregulativet kan verte behandla på nytt dersom nokon ber om det.
- Til spørsmål 2 svarte han at det vil kome ei prinsipp sak før budsjettbehandlinga.

Mona Hellesnes bad om at det vert lagt fram sak om problemstillinga til neste møte i fylkesutvalet.

Fylkesordføraren stadfesta at det vil kome ny sak. Den bør behandlast i samferdselsutvalet før den kjem opp i fylkesutvalet.

OPEN TIME

Mona Røsvik Strømme stilte spørsmål om kvifor sanntidssystemet er sett i drift på haldeplassar med relativt få reisande i Sandviken og ikkje på haldeplassar med mange reisande i sentrum. Direktør Oddmund Sylta i Skyss svarte at systemet vart sett i drift i Sandviken som ein test. Systemet er i ferd med å verte installert på linje 2. Fram mot sommaren vil haldeplassar i sentrum få sanntidssystem.

Benthe Bondhus spurde om partia framleis må kvittere ut for partistøtte, eller om den kjem "automatisk". Fylkesrådmannen vil sjekke dette.

Benthe Bondhus etterspurde status for prosjekt Fureberg bru på Fv 551. Spørsmålet vert svart på i neste møte.

Inge Kallevåg viste til spørsmål i førre møte i fylkesutvalet om fulle skulebussar på Stord, og roste Skyss som raskt ordna opp i forholda.

Inge Kallevåg viste til avisoppdrag om manglande korrespondanse i busstilbodet i Sunnhordland. Han spurde om kvifor dette skjer, og om det er noko som kan gjerast. Direktøren i Skyss svarte at det var innført nye snøggåtruter ved årsskiftet, og at Skyss prioriterer å støtte båtavgangar og hovudruter til Stord. Skyss skal setje i gang arbeid for å vurdere rutestrukturen (buss, båt, ferje) i Sunnhordland.

Benthe Bondhus bad om at også korrespondansen mellom snøggått og buss i Rosendal vert omfatta av dette arbeidet.

Aud Karin Oen etterspurde svar på dei to oversendingsforslaga frå desembertinget i RS 22/14 "Status spørsmål og oversendingsforslag". Fylkesordføraren svarte at evt. svar på oversendingsforslag og spørsmål stila til fylkesadministrasjonen vert gjeve som melding til fylkestinget eller det utvalet dei er lagt fram i.

Silje Hjemdal viste til at trolleybussane på linje 2 har reklame for Litteraturhuset og spurde om korleis reglane er og om kven som får inntektene for reklamen. Direktøren i Skyss svarte at trolleybussane er omfatta av ein gamal avtale som går ut i 2015. Avtalen inneber at operatøren Tide har høve til å hengje opp reklame. Inntektene går til operatøren.